



Visitasmelding for Sund sokn

ved bispevisitas
3.-5. og 8. november 2020



DEN NORSKE KYRKJA
Sund sokn

Innleiing

Me ynskjer Biskopen i Bjørgvin Halvor Nordhaug velkommen til Sund sokn!

Det er 14 år sidan sist visitas i Sund sokn (2006), og mangt og mykje har endra seg også her hjå oss.
Dermed ser me fram til gode og konstruktive dagar saman med biskopen vår,
der me får leggja fram «stoda», og motta tilsyn – til inspirasjon, vegleiing og ny kveik!

Sund kyrkjelyd har følgjande målsetjing:

Saman vil me æra Gud og byggja kyrkjelyd, gjennom å:

- Feira gudsteneste
- Gje trusopplæring
- Fremja menneskeverd og visa Kristi sinnelag i møte med barn, unge, vaksne og eldre.

Sund sokn, den 20.08.20

Soknerådsleiar Svein M. Myklebust

Kyrkjeverje Olav Martin Vik

Påtroppande kyrkjeverje Annlaug Børve

Sokneprest Kjell-Asle Børnes

1. program for visitasen

Tysdag:

09:00	Opning av visitasen, Sund kyrkje	Ansv: AB, SM, KAB, Biskop
10:00	Skulegudsteneste, Sund kyrkje	Ansv: KAB, Biskop
11:00	Storstab-samling inkl. Lunsj, Sund kyrkje	Ansv: AB/Stab
14:00	Div.samtaler, kyrkjekontoret Sund kyrkje	Ansv: Biskop
Pause		
17:00	Myldredag m/middag, kyrkjekjellaren Sund kyrkje	Ansv: HBM/Sokneråd
19:00	Slutt	



Onsdag:

10:00	Skulegudsteneste, Kausland kyrkje	Ansv: KAB, Biskop
11:30	Sundheimen, Skogsskiftet	Ansv: KAB, Biskop
12:30	Lunsj/møte med kommunen	Ansv: AB, Ordførar
15:00	Omvisning/film Nordsjøfartmuseet, Telavåg	Ansv: KAB/Nordsj.m.
17:00	Middag	Ansv: AB/Sokneråd
18:30	Kulturkveld/møte med frivillege Kausland kyrkje/kirkjelydshus	Ansv: Sokneråd/Biskop
21:00	Slutt	

Torsdag:

09:00	Møte med prestane i prostiet, Sund kyrkje	Ansv: Prost, Biskop
11:30	Lunsj, Sund kyrkje	Ansv: Prost
13:00	Spørjetime, Sund ungdomsskule	Ansv: KAB, Biskop, Rektor
14:00	Møte med lærarar (same stad)	Ansv: KAB, Biskop, Skulesjef
16:00	Div. samtalar, kyrkjekontoret	Ansv: Biskop
17:00	Middag	Ansv: AB/Sokneråd
18:30	Samrådingsmøte med Sokneråd/tilsette, Sund kyrkje	Ansv: AB/Sokneråd
21:00	Slutt	

Søndag:

11:00	Visitasgudsteneste, Sund kyrkje	Ansv: KAB/Kantor/Biskop
Ca. 12:30	Visitasforedrag, deretter kyrkjekaffi	Ansv: Biskop, Sokneråd
14:30	Slutt	

2. Kort historikk sidan førre visitas

Førre bispevisitas i Sund sokn var 26.-30.april 2006. Også då var det om lag 14 år sidan biskopen visiterte Sund (1992). Dei siste 14 åra har det skjedd mykje, og det meste av staben har vore skifta ut opptil fleire gonger. Noverande sokneprest byrja i stillinga i september 2013. Frå september 2017 har det blitt ei omfattande endring av den administrative leiinga i soknet, med felles kyrkjeverje for Øygarden, Fjell og Sund. Og etter ein lang og arbeidskrevjande prosess er no nytt fellesrådsområde oppretta og i funksjon f.o.m. 01.12.19 / 01.01.20 då den nye storkommunen Øygarden såg dagens lys.

Også i Sund sokn har me merka at gudsteneste-kjernen har minka. Det same gjeld mht frivillege, sjølv om mange gjer ein kjempeinnsats. Det som derimot dessverre er stabilt er mangel på presteressursar. Rett nok får Sund sokn nytta ca. 25 % av prostipresten. Men når folketallet i Sund forlengst har runda 7000 er det for lite med berre 1 fast prest (soknepresten). Dette merkast også i trusopplæringa og innføringa av ny trusopplæringsplan i soknet. Forventningane til presten er store, men tida strekk ikkje til. Trusopplærarar, diakonimedarbeidarar, ungdomsarbeidarar og andre i staben gjer ein kjempejobb, men presten skulle gjerne hatt meir tid til å jobba i team med dyktige medarbeidarar og engasjerte folk i trusopplæringsutval m.m.



3. Tilhøva i soknet

Tidlegare Sund kommune har vore ein «strila-kommune» lengst sør på Sotra.

Då Sund kommune 1. januar 2020 vart slått saman med kommunane Fjell og Øygarden, vart den nye Øygarden kommune den nest største kommunen i Vestland fylke med i overkant av 38 000 innbyggjarar. Av desse bur noko meir enn 7000 (pr. 31.12.19: 7134) i Sund sokn.

Etter den eksplosive veksten i folketalet som ein opplevde "vestom brua" på 70-80-talet, og den etter høva høge auken i perioden 2000-2015, viser ei framskriving av folketalet at ein no kan leggje til grunn middelvokst i folketal. Alderssamsetjinga i kommunen er også i ferd med å endra seg. Ein høg del av befolkninga i regionen har vore ung, men dei neste 10 åra ventar ein nullvekst eller nedgang i talet på barn og unge under 30 år. Veksten i folketalet vil komme i den delen av befolkninga som er over 30, og då særleg i aldersgruppa 75 år og oppover. Det er også verdt å nemne at kvar tiande innbyggjar i kommunen er innvandrar. Dei fleste av desse er arbeidsinnvandrarar, og ein stor del kjem fra Aust-Europa.

Den nye kommunen har regions- og komunesenter på Straume, med kommunedelssenter på Rong og i Skogsskiftet. Sund kan vel framleis kallast eit bygde-samfunn, med varierte bustadtypar og spreitt bustadbygging. Som elles i landet ser me også her ei aukande sentralisering. I Sund sokn har såleis befolkningsveksten den seinare tid sær-leg komen i området rundt Skogsskiftet.

I dag hører me vel så mykje «by-mål» som «strila-mål» i bygdene våre. Men strila-kulturen står framleis sterkt, noko bl.a. trubaduren og komponisten Johannes Kleppevik skal ha mykje av æra for. Det blir arbeida godt i aktive lag og organisasjonar, kor og idrett. Og i dette bile-tet spelar også kyrkja ei viktig rolle. Her ligg det eit utviklingspotensiale i å samarbeide tettare, t.d. om fleire friluftsgudstenester, musikkarrangement og diakonale tiltak.

Arbeidsmarknaden i Øygarden er sårbar for svingingar. Næringslivet heng i stor grad saman med aktiviteten innanfor olje- og gasssektoren. Då det var ei nedgang i næringa i 2014-15 opplevde mange i kommunen å miste jobben. I Sund sokn er marin sektor og havbruksnæringa med foredling av fisk ei viktig og etter høva stabil næring. Gamle Sund kommu-ne prioriterte ei oppgradering av infrastrukturen høgt, og etter kvart har me fått eit godt utbygd nett av veg, vatn og avlaup m.m.

Skulestrukturen har endra seg dei seinare åra, frå 7 barneskular til 3. Sund har berre hatt 1 ungdomsskule, og slik blir det vel også i framtida. I november 2019 opna den nye flot-te Spildepollen skule med 190 elevar (men skulen er bygd for 300) og 30 tilsette. Skulekrin-sen omfattar dei no nedlagde Glesnes, Telavåg og Pollen skular.

Barnehagar er det fleire av, 6 i talet. Og i skrivande stund kjenner me ikkje til endringsforslag i den sektoren.

Alle skulane møter til skulegudstenester i desember, der elevar deltek med tekstlesing, songinnslag m.m. Samarbeidet med skulane/rektorane opplevest godt!

Barnehagane deltek på samling før jul, og nokre er også med på påskesamling. Dei fleste samlingane er i kyrkjene, men nokre barnehagar ynskjer (av praktiske/økonomiske omsyn) at prest/diakon/trusopplærar ++ skal koma til dei, noko me har gjort.

Som alle andre er me spente på kva utfordringar den pågående koronakrisa vil utløyse. Alle-reie før denne krisa, peika kommunen på nokre sentrale utviklingstrekk og utfordringsbilete. Av desse vil dei følgjande i særleg grad utfordre kyrkja sitt diakonale arbeid, og vår evne til samskaping:

Fleire av innbyggjarane kjem til å stå utanfor fellesskapet som følge av mangel på økonomiske og materielle ressursar

- Aukande grad av barnefattigdom
- Høg førekommst av psykiske lidinger blant unge
- Det er fleire ungdomar som ikkje har tilgang på sosial støtte
- Svært høg førekommst av narkotikautløyste dødsfall
- Fleire enn gjennomsnittet fell ut av vidaregåande utdanning
- Det finst fleire innbyggjarar som opplever vald og mishandling

Dialogen mellom kommunaleininga i tidlegare Sund kommune og soknet har vore god, og det er spesielt hyggeleg at tidlegare ordførar har vore fast tekstlesar i Sund kyrkje på julaftan, og har delteke med helsing på den årlege festen for frivillige i kyrkjelyden.

Alle dei tidlegare fellesråda i Øygarden har hatt nær og god dialog med leiinga i kvar sine kommunar, med faste årlege møtepunkt. Dette lovar godt med tanke på samarbeidet mellom fellesråd og kommune også i tida framover.

4. Råd og tilsette

4.1 Råd

Sund sokneråd

Namn	Merknad
Svein Marius Myklebust	Fast medlem, leiar
Bente Aase	Fast medlem, nestleiar
Kjell-Asle Børnes	Fast medlem, sokneprest
Jan Tveit	Fast medlem
Linda Beate Nesse Dalseide	Fast medlem
Karen Helen Boga	Fast medlem
Liv Marit Sangolt	Fast medlem
Tone Hatlelid	Fast medlem
Oddveig Margrethe Skoge	Fast medlem
Fredrik Andreas Mortensen	Varamedlem
Arne Dåvøy	Varamedlem
Kenneth André Giskegjerde	Varamedlem
Berit Marie Nygård	Varamedlem
Paul Richard Kauffman	Varamedlem

Øygarden kyrkjelege fellesråd

Valt/peika ut av	Namn	Merknad
Sund sokneråd	Jan Tveit	Fast medlem
Sund sokneråd	Oddveig Margrethe Skoge	Varamedlem
Fjell sokneråd	Arvid Nese	Fast medlem
Fjell sokneråd	Egil Nødtvedt	Varamedlem
Foldnes sokneråd	Per Helge Refvik	Fast medlem
Foldnes sokneråd	Harald Rød	Varamedlem
Landro sokneråd	Dag-Olav Bjørøy	Fast medlem, leiar
Landro sokneråd	Kjersti Langeland Angeltveit	Varamedlem
Hjelme og Blomvåg sokneråd	Gisle Kårbo Rong	Fast medlem, nestleiar
Hjelme og Blomvåg sokneråd	Erling Vik	Varamedlem
Øygarden kommune	Hege Misje	Fast medlem
Øygarden kommune	Helge Nilsen	Varamedlem
Biskopen	Jan Tommy Fosse	Fast medlem
Biskopen	Bjarte Nese	Varamedlem

4.2 Tilsette


Dei tilsette er organisert i fem seksjonar på tvers av sokna. Dette er seksjon for administra-sjon, barn og unge, kyrkjemusikk, kyrkjer og gravplassar og diakoni.

Seksjonane er leia av ein seksjonsleiar som har fagleg ansvar, personalansvar og budsjettan-svar for sin seksjon.

Mot sokna er verksemda organisert i tverrfaglege sokneteam leia av ein av seksjonsleiarane, som i denne

samanhengen har rolla som sokneteamleiar. Sund sokneteam vert leia av sek-sjonsleiar for diakoni Astrid Fylling. Sokneteamet består i tillegg av: Sokneprest (100 %), prostiprest (ca. 25 %), trusopplærar (100 %), diakonimedarbeidar (80 %), kyrke-gardsarbeidar/kyrkjetenar (100 %), kantor (80 %), ungdomsarbeidar (100 % delt mellom Fjell og Sund frå hausten 2019), 2 kyrkjetenarar (annankvar søndag Sund/Kausland) og administrasjonskonsulent (100 % delt mellom Fjell og Sund). Dessutan har me felles kyrkjeverje og administrasjon lokalisert på Straume.

5. Det andelege livet i kyrkjelyden



5.1 Generell vurdering

Kyrkja står framleis sterkt i folket, sjølv om sundsokningen til vanleg ikkje overdriv kyrkjegangen sin. Gudstenesteframmøtet på sön- og heilagdagar var i gjennomsnitt for 2017: 95, for 2018: 93, og for 2019: 98 Nattverddeltaking på sön- og heilagadagar var i gjennomsnitt for 2017: 26, for 2018: 24, og for 2019: 26 Ved soknerådsvalet 2019 var valdeltakinga 12%.

Tal for dåp og konfirmasjon er framleis høge og nokså stabile (syner til vedlagt statistikk/årsmeldingar), og dei fleste vert også gravlagde frå kyrkjene våre. Bedehusrørsla er ikkje like sterk som t.d. i nabosoknet Fjell, og «skiljet» mellom bedehus og kyrkje merkar me lite av her i Sund.

Det er også ein liten DELK-kyrkjelyd i Sund, med ei eiga lita kyrkje i Håkonsund. Me ynskjer kvarandre alt godt og Guds velsigning, og av plassomsyn leiger DELK Sund kyrkje/ Kausland kyrkje ved sine gravferder. Elles har Brunstad menighet eit stort nedslagsfelt her i Sund, med Panorama hotell som møtestad. Det er også noko aktivitet blant pinsevener, som leiger kyrkjelydshuset på Kausland til møter.

Som nemnt ovanfor: Også i Sund slit me med å få med nok frivillege. Me har ein trufast kjerne, men for at dei ikkje skal slita seg ut – skulle me gjerne vore fleire som kunne dela på oppgåvene. I Sund kyrkje har me ein god «stab» med klokkarar, kyrkjevertar og kaffivertar som rullerer gjennom året. I Kausland kyrkje er det også mange som står på som kyrkjevertar og kaffivertar, men færre som deler på klokkartenesta. Mange er blitt spurde og utfordra, men det

skortar på frimodet. Elles har me trufaste medarbeidarar i Stjernekoret og Betweenkoret/Betweensklubben. Dermed blir me ein god gjeng som samlast til frivillege-fest kvar vår, der soknerådet/staben er vertskap, og me har hatt spanande gjester som t.d. Edvard Hoem.

Soknebladet vårt kjem ut med 6 nummer i året, og går ut til alle husstandar i soknet. Olai Otterå er redaktør og har vore det gjennom mange år. Staben bidreg med ein del stoff og faste spalter, men mykje av reportasjestoffet er det Olai sjølv som innhentar og produserer. Inntektene frå soknebladet skriv seg frå annonser + giro i bladet éin gong i året, der om lag 300- 400 husstandar betaler. Den frivillege bladkontingenten er på kr. 250. Det blir også lagt inn ein gávegiro i bladet i august, der ein kan støtte barne- og ungdomsarbeidet i soknet. Det kjem vanlegvis inn ca. 20.000 på den måten. Elles opplever me mykje positiv respons på soknebladet, og får jamnleg telefonar dersom nokon av ein eller annan grunn ikkje har fått bladet. Stor takk til redaktør Olai Otterå for godt og trufast arbeid!

5.2 Det kyrkjelege arbeidet

5.2.1 Gudstenester

Med 2 kyrkjer i Sund sokn vert det halde gudsteneste annakvar søndag i Sund kyrkje/Kausland kyrkje. 1. juledag, 1. påskedag og 1. pinsedag er det høgtidsgudsteneste i Sund kyrkje, og tilsvarande i Kausland kyrkje 2. juledag, 2. påskedag og 2. pinsedag.

Tradisjonen tru har me friluftsgudsteneste ved kyrkjesteinane på Tyssøy kvar sommar (juni), og gudsteneste i Trellevik-bygnaden (kystkultursenter på Tofterøy) i august. Elles blir det (etter lang tradisjon) halde gudsteneste i Telavåg bedehus Kristi himmelfartsdag. Frammøte på gudstenestene i Sund sokn varierer frå fulle hus – til svært god plass i benkeradene. Sund kyrkje har ein «kjerne» på ca. 50, medan Kausland kyrkje ligg noko lågare. Heldigvis har me gradvis sett frukter av Myldredag og div. trusopplæringstiltaka i Sund kyrkje, der fleire og fleire

barnefamiliar deltek i gudstenester og nattverd! I Kausland kyrkje ser me også noko nytt spira fram bl.a. frå oppstart av Myldredag og ungdomsklubben «Boost». Dessutan trur me at satsinga på «smågruppefellesskap» i kyrkjelyden også vil bidra til at fleire finn sin plass i kyrkjebenken søndag føremiddag. Dei siste åra har me også satsa på Bønevandringsgudstenester, der konfirmantane er særleg inviterte. Og dei faste lovsang-kveldane med påfølgjande kveldsmat er også med på å styrka kyrkjemeflesskapen i Sund! Så må også gudstenestene på sjukeheimane (Sundheimen og Solhaug) nemnast. Den private sjukeheimen Solhaug vart forøvrig lagt ned sommaren 2019. På sjukeheimen får brukarane jamnleg tilbod om andakt/nattverdgudsteneste, og det er eit godt samarbeid med Røde Kors besøksvenner som legg praktisk til rette på Sundheimen, og aktivitør som har gjort det same på Solhaug fram til sommaren 2019.

På Sundheimen og Solhaug har det vore vekselvis andakt og nattverdgudsteneste 1 gong pr. månad. Frammøtet har variert ein god del, med ca. 20 tilstades på Sundheimen og 15 på Solhaug. Nattverddeltakinga har vore noko mindre, med 15 i gjennomsnitt på Sundheimen og 10 på Solhaug.

5.2.2 Kyrkjelege handlingar

Dei fleste gravferder skjer i regi av DnK, med unntak av nokre få gravferder i DELK og Brunstad menighet. Talet på vigsler er lavt, og har gått nedover dei siste åra (jfr statistikk årsmelding). Nokre giftar seg i sjømannskyrkjene i utlandet, og nokre nyttar seg av muligheten til borgarleg vigsel ved ordførar m.fl. Talet på soknebud har også vore dalande, men kvart år vert presten budsendt til heimar eller til sjukeheimen for å gje nattverd til sjuke/døyande. Dette er høgtidsame stunder som også gjev mykje tilbake!

Nokre nøkkeltal frå årsmeldingane 2017-2019:

2017: 35 gravferder; 9 vigsler

2018: 31 gravferder; 9 vigsler

2019: 47 gravferder; 6 vigsler



5.2.3 Statistikk

Kyrkjeleg årsstatistikk for Sund sokn registererer:

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Gudsteneste frammøte i gjennomsnitt på sørn- og heilagdagar:	104	101	93	97	107	95	93	98
Nattverddeltaking i gjennomsnitt	30	27	27	25	27	26	24	26
Døypte	86	62	66	68	62	61	43	52
Konfirmerte	57	68	57	63	76	55	73	66
Vigsler	8	13	14	6	12	9	9	6
Gravferder	40	39	29	38	33	35	31	47
Innmelde	1	0	2	1	0	0	6	3
Utmelde	1	8	7	11	10	4	16	16

5.2.4 Trusopplæring

Trusopplæring er sjølv sagt ikkje noko nytt – heller ikkje i Sund. Mykje godt arbeid har vore drive gjennom tidene, med bl.a. sundagsskule, YA og Ten-Sing,- og ikkje minst dei seinare åra med Stjernekor, Betweenskor/Betweens og Myldredag! Og i januar 2017 fekk me godkjend vår etterlengta trusopplæringsplan med spennande visjon og mål for arbeidet retta mot barn og unge mellom 0 og 18 år og konkrete trusopplæringsstiltak for kvart alderstrinn! No, tre år etter dette, er me godt i gang med å sette tiltaka ut i live.

Som allereie nemnd er rekrutteringa av frivillige ei stadig utfordring for å få realisert dette, men me har gjennom desse åra registrert ei jamn auke av frivillige i trusopplæringsa og me erfarer at dei gler seg over å vere med (med forsikringar om at dei gjerne vil bli spurta igjen neste år). I trusopplæringsa jobbar me etter ein utvidingsplan der tanken er at dei tilsette i sokneteamet går i bresjen og startar opp nye tiltak i planen og driv desse fram (sjølv sagt med trusopplærar som primus motor, i tett samarbeid med sokneprest), men samstundes vert frivillige rekrutterte til å vere med. Og så er håpet at dei frivillige som var med første gongen, tek meir ansvar i neste runde med tiltaket og dermed «frigjer» resursar i sokneteamet til å realisere nye tiltak i planen osv. Me har lukkast med dette på fleire tiltak, t.d. Påskevandring, Kyrkjekino, Boost og særleg Lys Vaken, der me også har fått ein eigen «general», ein frivillig som er hovudleiar for tiltaket og har drive dette fram fleire år på rad!

Me har hatt som mål starte eitt nytt trusopplæringsstiltak kvart år framover. Dette har me lukkast med, og her er tiltaka frå planen me per dags dato årleg gjennomfører:

- Dåp/dåpsamtale (0 år, skjønt det kvart år er fleire konfirmantar som vert døypte)
- Julevandring og utdeling av fireårsbok (4 år)
- Påskevandring med påskeverkstad (5 år)
- Ranselbøn (6 år)
- Utdeling av Bibelen/Bibelboka mi (10 år)
- Lys Vaken (11 år)
- Kyrkjekino med bønevandringsgudsteneste (13 år)
- Konfirmantåret (15 år)
- Boost Identity (16 år)
- Boost Basics (17 år)
- Boost Living (18 år)

Me hadde også alt klart til å sette ut i live eit nytt og spennande tiltak for 14-åringane i slutten av mars, «Rettferdskampen», der tematikken er naudhjelp, global diakoni og misjon, men korona-pandemien sette diverre ein stoppar for dette.

Populære tiltak i vekst

Lys Vaken

Det er litt varierande oppmøte på trusopplæringsstiltaka, men nokre av dei er blitt svært populære og har hatt ei jamn auke år etter år. Her må særleg Lys Vaken nemnast. I 2019 nådde me «smertegrensa» vår på 48 deltagarar – godt over halve kullet av medlemar/tilhøyrande 11-åringar!

Me må rett og slett – på grunn av plassmangel – vurdere to Lys Vaken-arrangement i 2020 for at alle som vil, skal få vere med.

Kyrkjekino

Kyrkjekino med bønevandringsgudsteneste må også namnast i samband med auke. I februar 2020 hadde me tiltaket for andre gong, med ein oppslutnad på 17 trettenåringar. På dette tiltaket ser me Narnia-filmen «Løven, heksa og klesskapet», et middag, dreg parallellear mellom filmen og påskebodskapen, før me er med på kveldsgudsteneste med bønevandring saman med resten av kyrkjelyden.

Konfirmant

Som nemnd er det også høg oppslutnad om konfirmantopplegget i Sund, med eit delkartal på mellom 65-75 kvart år (gjennomsnittleg storleik på kulla av medlemar/tilhøyrande er 80). I tillegg til tradisjonell tema-undervisning, inneheld konfirmantåret Bibel&Pizza-samlingar der me et pizza saman og fordjupar oss i ein bibeltekst, media-seminar med Damaris og innsamlingsaksjon til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Misjonsalliansen. Men høgdepunktet er nok utan tvil når me reiser på konfirmantleir saman! I løpet av året får konfirmantane med seg minst ti gudstenester.

Me starta dessutan noko nytt med konfirmantane på våren 2019 som viste seg som eit godt verktøy i rekrutteringa til vidare engasjement i kyrkja; individuelle konfirmantsamtaler! I ei kort samtale med kvar enkelt

konfirmand mot slutten av konf.året presenterer me arbeidet/vidare tilbod og avklarar om me kan få senda dei info/invitasjon om dette når hausten tek til. Dei fleste sa det var heilt greitt og då me starta opp Boost igjen hausten 2019, fekk alle me hadde gjort avtale med, invitasjon. Opp mot 20 fjarðarkonfirmantar har vore innom på Boost skuleåret 2019/20.

Boost

Boost er eit arbeid som bør omtala litt meir utførleg. I mange år har kyrkjelyden jobba med å få etablert eit ungdomsmiljø (vi har prøvd MILK eit par år, utan å lukkast). Gleda var difor stor då me hausten 2018 lukkast med kvar veke å samla 8-10 ungdom/unge vaksne i alderen 16+ til kveldssamlingar med måltid, leik/konkurranse og andakt. Etter eige ynskje, har dette ungdomsmiljøet/klubben fått namnet Boost! Dette arbeidet har også vakse, og trass i at omrent halve Boost-gjengen flytta ut av soknet for å studere, var tilfanget av fjarðarkonfirmantar hausten 2019 større og miljøet består i dag av rundt 20 ungdomar.

Boost er i stor grad lagt opp etter ungdomens eigen bestilling, der det å laga eit måltid saman, eta og bruka god tid rundt bordet til kvardagsprat har vore viktig. Boost avsluttast alltid etter eit spesielt ritual der alle går saman inn i kyrkjerommet til andakt. Dei som så ynskjer å gå tilbake til bordtennis og biljard, kan gjera det, medan dei



som vil vera att i kyrkjerommet i bøn, lystenning og forbøn/samtale, kan det.

Dette er aktive og kreative ungdom som vil mykje, og me legg vinn på å strekka oss langt for å imøtekoma ynskja deira. Av turar og ekstraordinære arrangement kan me nemne: Impuls (ungdomsfestival i Stavanger), kvalitetssjekk av Trekkroneren pølsebod, krokett-turnering på Gamlehaugen, Eurovisjon-kveld, Sommerfest (felles med ungdomsmiljøa i dei andre kyrkjelydane på Sotra (Dnk), TremorXpand (Misjonssambandet) og UK (Indremisjonsforbundet), tur til UL (stor ungdomsfestival ved Stavanger), tur til Fløyen og nyttårsleir (saman med TremorXpand).

Når det gjeld trusopplæringstiltaka i planen for aldrane 16-18 år, har me, etter råd får bispedømekontoret, slått dei saman. Det vil seie at me inviterer alle 16- 17- og 18-åringane i soknet kvart år og roterer mellom dei tre tiltaka, slik at me har Boost Identity det første året, Boost Basics det andre året og Boost Living det tredje, før me byrjar på nytt igjen med Identity osb. Desse tiltaka er tre ulike undervisningsseriar som me har i timen rett i forkant av dei vanlege Boost-samlingane. Slik kan dei som har lyst å koma på undervisninga, møte opp der og bli med på klubben kjem til ordinær tid.

Vegen vidare

I det komande året har me i tillegg til «Rettferdskampen» for 14-åringane ein ambisjon om å setta ut i live «Skapingsvandring» for 3-åringane.

Elles jobbar me òg med å få til ein god vekselvirkning mellom breiddetiltaka i planen og det kontinuerlege arbeidet som vert drive. Kyrkjelyden er difor opptatt av at kvart trusopplæringstiltak skal knytast både til gudstenestene og kontinuerleg lavterskelarbeid, som kor, klubbar og Myldredag.

Etter at planen vår i tre år no har fungert som det arbeidsdokumentet trusopplæringa i Sund sokn har vorte driven fram etter, ser me eit behov for å evaluere og revidere den. Me ser mellom anna at planen treng å førast nærmare den reelle tilgangen kyrkjelyden har på ressursar til å driva trusopplæringsarbeidet. Særleg er tiltaka planen har sett opp for aldrane 7-9 år, for ambisiøse til realistisk å kunne gjennomførast med dagens situasjon. Dessutan var tiltaket «Det store gjestebodet» for 10-åringane utforma i tilknyting til eit asylmottak som no er lagt ned. Det nyvalde soknerådet arbeider med å nedsette nytt trusopplæringsutval som skal ta tak i dette arbeidet.



5.2.5 Statistikk trusopplæring

Statistikk for trusopplæringa i Sund sokn, 2015-2019:

2015		
Tiltak	Deltakarar	Prosent av årskullet
Dåp/dåpsamtale (0 år)	58	105 %
Gud såg at det var godt (4 år)	38	59 %
Ranselbøn (6 år)	11	14 %
Det store gjestebodet (10 år)	39	56 %
Lys Vaken (11 år)	28	38 %
Konfirmantåret (15 år)	63	97 %

2016		
Tiltak	Deltakarar	Prosent av årskullet
Dåp/dåpsamtale (0 år)	62	117 %
Gud såg at det var godt (4 år)	31	40 %
Ranselbøn (6 år)	16	20 %
Det store gjestebodet (10 år)	21	70 %
Lys Vaken (11 år)	31	44 %
Konfirmantåret (15 år)	76	107 %

2017		
Tiltak	Deltakarar	Prosent av årskullet
Dåp/dåpsamtale (0 år)	65	120 %
Gud såg at det var godt (4 år)	27	53 %
Påskevandring (5 år)	8	10 %
Ranselbøn (6 år)	Tiltaket vart avlyst pga. manglende ressursar til gjennomføring	
Det store gjestebodet (10 år)	13	24 %
Lys Vaken (11 år)	37	123 %
Konfirmantåret (15 år)	55	83 %

2018		
Tiltak	Deltakarar	Prosent av årskullet
Dåp/dåpsamtale (0 år)	45	100 %
Gud såg at det var godt (4 år)	18	30 %
Påskevandring (5 år)	Tiltaket vart avlyst pga. manglende ressursar til gjennomføring	
Ranselbøn (6 år)	6	8 %
Det store gjestebodet (10 år)	16	25 %
Lys Vaken (11 år)	40	73 %
Konfirmantåret (15 år)	73	87 %
Boost (16,17 og 18 år)	11	5 %

2019		
Tiltak	Deltakarar	Prosent av årskullet
Dåp/dåpsamtale (0 år)	52	108 %
Krybbevandring (3 år)	50	86 %
Gud såg at det var godt (4 år)	25	46 %
Påsekevandring (5 år)	16	27 %
Ranselbøn (6 år)	6	12 %
Det store gjestebodet (10 år)	25	33 %
Lys Vaken (11 år)	48	75 %
Kyrkjekino med bønevandring (13 år)	9	30 %
Konfirmantåret (15 år)	66	89 %
Boost (15, 16, 17 og 18 år)	15	5 %
Nyttårslær	3	1 %
Ferda Vidare – elska og kalla (18 år)	2	3 %



5.2.6 Diakoni

Diakonimedarbeidaren har eit spesielt fokus inn mot barn og ungdom i soknet. Prioriterte oppgåver/tiltak har vore: Myldredag, Betweenkslubb, Betweenkskor, Stjernekor og søndagsskule. Elles har ho hatt hovudansvaret for Lovsongskveldane med påfølgjande kveldsmat. Hovudmålet her er å samlast til fellesskap både åndeleg og sosialt, der alle kan få tena med sine gåver.

Dessutan har diakonimedarbeidaren vore hovudansvarleg for koordineringa av frivilleg-lister og oppfølging av medarbeidarar – med den årlege frivillege-festen som høgdepunkt – der me ynskjer å takka og visa at me set stor pris på alle friviljuge medarbeidarar i soknet! Ho deltek også i gudstenester med diakonalt preg, som t.d. på Allehelgensdag der me tener lys og minnest dei som er gravlagde. I den forbindelse blir det også gitt tilbod om sorggrupper/temakveldar om sorg i prostiet. Og i prostiet blir sorgmånaden oktober markert med utdeling av lys på Sartor Senter.

Diakonimedarbeidaren (saman med prest og andre) har også hatt barnehagegudstenester/besøk i barnehagar før jul og før påske, og delteke på konfirmantleir, LysVaken og anna trusopplæringsarbeid. Dessutan har ho hatt ein del

samtaler (tidlegare også samtaletilbod på vidaregåande skule, men som etter kvart blei erstatta av eigen psykiatrisk sjukepleiar), heimebesøk/sjukebesøk og kontakt med asylantar (fram til mottaket i Klokkarvik vart lagt ned sommaren 2017). Men storparten av diakoniarbeidet er altså retta inn mot barn og unge. Dessutan har prest og diakonimedarbeidar samarbeidd om «Bli kjent i kyrkja- kurs» og adventssamlingar for våre vener frå Grønebakkane bufellesskap. Me ynskjer å signalisere at me bryr oss om den enkelte og spesielt dei som treng noko ekstra.

I Sund sokn har me også eit diakonalt arbeid blant eldre med føremiddagstreff og andre treff der dei eldre får møtast til sosialt fellesskap og åndeleg påfyll. Her har me eit godt samarbeid med frivillege og representantar frå husmorlag. Fellesskapsbygging/relasjonsbygging og møter mellom generasjonane har vore ein grunntanke i det diakonale arbeidet, t.d. gjennom Myldredag i Sund og Kausland, og Lovsongskveldar med påfølgjande kveldsmat i Sund kyrkje. Hovudmålet er å samlast til fellesskap både åndeleg og sosialt, med eit ynskje om at alle kan få tena med sine gåver. Me ynskjer å byggja kyrkjelyd gjennom å fremja menneskeverd og visa Kristi sinnelag i møte med barn, unge, vaksne og eldre (jfr målsetjing for soknet). Dette er grunnlaget for diakoniutvalet og soknerådet sitt pågåande arbeid med diakoniplan for Sund sokn.

5.2.7 Misjon

Sund sokn har dei seinare åra hatt misjonsavtale med Misjonsalliansen, med fokus på reint vatn. Det siste prosjektet handlar om reint vatn i Liberia. Sund sokn forpliktar seg til eit minimumsbeløp, men samlar inn meir gjennom takkoffer (jul/nyttår/pinse). Konfirmantane har også dette prosjektet for innsamlingsaksjonen i april. På førehand får me besøk frå Misjonsalliansen som gjev info om prosjektet og belyser temaet diakoni...

5.2.8 Kyrkjemusikalsk verksemد

Utanom gudstenester, institusjonsbesøk og kyrkjelege handlingar har kyrkjemusikkarbeidet bestått av lovsongskveldar, «Me syng jula inn», musikkinnslag på Frivilleg-fest, barnekor og samarbeid med ulike solistar som deltar i gudstenester og konserter. Organisten vart tilsett i 60 %, men har no fått auka stillinga til 80 %. Dette gjer at konsertverksemda no kan aukast i soknet. Sangkompaniet (eit vaksenkor på 6-8 medlemmer) blei dessverre lagt ned i desember 2018, pga færre og færre medlemmar. I staden blei det ulike samarbeidsprosjekt: Juleprosjektkor, «Visst skal våren komme» av Skeie/Tveit – eit samarbeidsprosjekt

mellom 3 organister og 3 kor i Øygarden, Fjell og Sund, Juleprosjektkor Sund kyrkje og Landro kyrkje, og «Pilegrimsmesse» av E.Hovland – eit samarbeidsprosjekt mellom 3 organister frå Fjell, Sund og Askøy med kor.

5.2.9 Vaksenarbeid

Gjennom formiddagstreffa siste onsdag i månaden (vekselvis Sund krk og kyrkjelydshuset på Kausland) og onsdagstreffa første onsdag i månaden (på Aktivitetssenteret i samarbeid med Kvinne- og familielaget) har me eit godt tilbod til pensjonistane. Her deltek presten fast, og ofte får me besøk av spanande gjester med ulike tema.

Når det gjeld trusopplæring for vaksne har me hatt fleire Alpha-kurs dei siste åra, med 10-15 deltakrar i gjennomsnitt. Me har også hatt temakveldar etter Alpha-kursa, der me har gått litt djupare i tematikk. Dessutan har 4 smågruppe-fellesskap sett dagens lys! Her samlast ein til samtale omkring Bibel og trus-tematikk, og desse gruppene har fellessamlingar 2 gonger i året («Kick-off»).

6. Økonomi, kyrkjer og gravplassar

6.1 Økonomi

Me opplever at tidlegare Sund kommune har tilgodesett kyrkja trass i vanskeleg kommuneøkonomi. Sund kommune gav for 2019 ei rammeløyving på kr 4 642 000. For 2018 var løyvinga 4 399 000 og for 2017: 4 294 000.

I 2017 hadde Sund sokneråd eit overskot for fellesrådsarbeidet, som dei vedtok å disponere til felles innkjøp av bil og tilhenger til felles driftsavdeling for dåverande Fjell, Sund og Øygarden fellesrådsområder. I tillegg vart det vedteke å bruke investeringfond til å asfaltere vegane på gravplassane ved Sund og Kausland kyrkjer.

Soknerådsarbeidet hadde òg eit overskot, som i hovudsak kom av gode innsamla gåver gjennom året, i tillegg til dei to årlege arrangementa Vårmarknad i Kausland kyrkjelydshus og Julemesse i Sund kyrkje. Desse inntektene vart sett av til soknerådfondet. I 2018 vart midlane vedtekne å brukast til å installere fiber og audiovisuelt utstyr i Kausland kyrkjelydshus, og til songanlegg i Sund kyrkje. Fiber og utstyr kom i 2018, songanlegget i Sund kyrkje kom i 2019. I 2019

vart resultatet for vårmarknaden kr 97 000. Dette er sett av til bruk i ungdomsarbeidet i soknet. Julemesse samla inn kr 94 000. Desse pengane er øyremerka til innkjøp av nye stolar i kyrkjelydssalen i Sund kyrkje.

Sund sokneråd har òg gode gáveinntekter utanom innsamlingane. Det kjem jamt og trutt inn gåver til arbeidet i kyrkjelyden, og det er òg nokre som gjev større summar i løpet av året. Dette er vi svært takksame for. Gjevargleda i Sund sokn er stor.

Rekneskap 2019 for Sund sokneråd/Sund kyrkjelege fellesråd er no avslutta, men ikkje handsama. Det spesielle for 2019 er at fellesrådsdelen av rekneskapet no vert avslutta. Midlane og bankkonti vert overført til nye Øygarden kyrkjelege fellesråd, og går inn i drifta av det nye, store fellesrådsområdet. Soknerådsdelen av rekneskapet vert att i soknet, under styring av Sund sokneråd. Alle soknerådsmidlane vert plassert i ulike fond etter arbeidsområder i soknet, og det vert opp til Sund sokneråd å halde fram med å nytte desse pengane på gode måtar i 2020 og i eit lengre tidsperspektiv.



6.2 Kyrkjer og gravplassar

Som eit seglingsmerke i Krossfjorden og Lerøyosen har Sund kyrkje vist veg gjennom århundra. Den noverande kyrkja er den 3. kyrkja (kanskje den 4.) på kyrkjesteden. Kyrkja vart vigsla 18. mai 1997, og blei bygd på branntomta (brann 1994) etter gamle-kyrkja frå 1877. Arkitekt for kyrkja var Peder A. Ristesund. Sund kyrkje har ca. 350 sitjeplassar. Men opnar ein div. foldedører kan kyrkja rommar ca. 450 personar. Kyrkja er ei moderne arbeidskyrkje som i tillegg til sjølve kyrkjerommet- inneheld kyrkjelydssal og dåppssakresti.

Frå vestsida (inngangspartiet) kan kyrkja minna om ei stavkyrkje, og fra austsida (tårnsida) minner kyrkja om eit fyrtårn/fyrykt (noko som høver godt til Sund kommune/nye Øygarden sitt kommunevåpen som nettopp er ei fyrykt!). Altertavla, laga av Thomas Hestvoll, viser den oppstadne Kristus som kjem oss i møte med sine naglemerka hender og føter. Slik blir me minna om sentrum i vår kristne tru når me stig inn i Sund kyrkje!

I sokkeletasjen («Kyrkjekjellaren») er det stor og tenleg møtesal, kjøkken og lokalitetar for Sund sokneteam. Underetasjen blei ferdig i 2002, og har bl.a. fått nytt kjøkken og nytt lydanlegg i 2017. Kyrkja har også fått ei grundig opp-pussing på utsida i 2017 i høve 20 års-jubileet.

Kausland kyrkje er ei tradisjonell kvit langskip-kyrkje frå 1881, med påbygg i 1963. Slik har den no ca. 250 sitjeplassar. Til 100 års-jubileet fekk kyrkja nytt golv, nye toalett og handicap-inngang. I 2004/2005/2006 fekk kyrkja elektrisk ringesystem, utbetring av det elektriske anlegget og oppgradering på høgtalaranlegget. Og i 2018 fekk kyrkja trådlauast nett. Trass i alt dette er Kausland

kyrkje først og fremst tenleg til gudstenester og kyrkjelege handlingar. Difor er det gledeleg at me i tidsrommet 1995-97 fekk reist kyrkjelydshuset like ved. Huset vart vigsla 17. november 1996, og saman med kyrkja utgjer dette eit praktisk og fint tun der ei kyrkje frå 1800-talet har fått arbeidskyrkjekvalitetar. Kyrkjelydshuset rommar også båre-rom / kjøle-rom og verkstad / maskinrom for kyrkjegardsarbeidrarar. Huset er teikna av Peder A. Ristesund, og er eit eksempel på stor duggnadsinnsats og mykje innsamla midlar.

Hus treng som kjent vedlikehald. Slik også med kyrkjehus! Dermed er det grunn til å minna fellesråd og kommune om at både ny-kyrkja (Sund) og kyrkja frå 1881 (Kausland) treng jamnleg tilsyn og stell. Særleg har Kausland kyrkje meldt sine behov i det siste. Takstein har rasa ned, og tårnet viser seg å ha behov for total-renovering. Det er bra at det no finns planar for dette arbeidet!

Det er god kapasitet på kyrkjegardane/gravplassane i Sund sokn, med unntak av i Telavåg, der gravplassen må utvidast i løpet av dei 4-5 neste åra. På Kausland har me fått utvida gravplassen på vestsida av hovudvegen. Og på Klokkarvik er det også framleis god plass, sjølv om kommunen vert halden orientert om framtidige behov for utviding. I det siste har adm. og kyrkjegardsarbeidarane gjort ein omfattande jobb med å setje ut merke for å skaffe oversikt over festalar, og slik få tetta hola i registera frå tidlegare år. Elles merkar me hjorte-plagen også her i Sund sokn! På Klokkarvik er det kome på plass hjortegjerde rundt heile gravplassen (vestre), i von om å få bukt med «hærverket» som dei firbeinte steller istrand.

7. Planar, strategi og mål

Øygarden kyrkjelege fellesråd (01.12.19) har følgjande visjon: *Nær Gud, nær menneske*. Og kjerneverdiane er: *Tenande, takknemleg, frimodig*.

Dette sluttar Sund sokn seg til, men har i tillegg utforma følgjande målsetjing:

Saman vil me æra Gud og byggja kyrkjelyd, gjennom å

- Feira gudsteneste
- Gje trusopplæring
- Fremja menneskeverd og visa Kristi sinnelag i møte med barn, unge, vaksne og eldre.

Korleis vil me nå dette målet

Me vil ha ein kontinuerleg prosess for å få med fleire frivillege (særleg i trusopplæringa). Soknerådet vil utfordra sundsokningane gjennom jamnlege framstøt t.d. i sokneblad og på heimesider, der arbeidet vert presentert og behov skissert. Nådegåve-basert teneste er viktig å forkynna fram, og relasjonsbygging er ein kontinuerleg prosess.

Elles må undervisning blant ungdom og vaksne prioriterast, gjennom Alpha-kurs, og ymse inspirasjonssamlingar (t.d. for smågruppene). Her trengs det gode team både mht det praktiske og det innhaldsmessige.

Diakoniarbeidet er også ein viktig nøkkel. Styrking av Myldredag (for heile familien) og Betweensarbeidet har allereie bore frukter, og me ynskjer å prioritera dette også i framtida. Dermed er det gledeleg at me har fått tildelt ungdomsarbeidar i ca. 50 % (ca 50 % også i Fjell) frå hausten 2019.

Elles er samarbeid med andre lag og organisasjonar svært viktig. Det ligg eit stort potensiale i samarbeidet med t.d. Folkeakademiet, Kvinne- og familielaget og Kystlaget m.fl. Her vil soknerådet/sokneteamet utarbeida ein enkel lokal plan for utbygging av eksisterande samarbeid (Trellevik-stemnet, onsdagstreff, konserter m.m.).

Og så er det viktig å visa kvarandre kyrkjevegen! Her vil soknerådet gå i front for å fylla opp parkeringsplass og kyrkjerom søndag føremiddag. Det er nokon som har sagt at det blir ikkje vekkjing før kristenfolket finn sin plass i kyrkjebenkane! Dette er sjølvsgått litt forenkla, men det peikar ut ein veg å gå – der me gjev kvarandre frimod til å søkja Gud og kvarandre også på heilagdagen. Mange menneske treng som kjent berre ein liten «dytt» eller nokon å gå saman med på kyrkjevegen. Difor vil soknerådet arbeida for å få på plass eit nettverk av kontaktpersonar som både kan bidra med kyrkjeskyss og vera gode medvandrarar på kyrkjeveg.

Økonomien i soknet må også få meir fokus. Kvart år blir det samla inn betydelege summar (sjå årsmelding) gjennom julemesse (Sund kyrkje) og vårmarknad (Kausland kyrkjelydshus). Men skal soknet få sett ut i livet meir og meir av trusopplæringsplanen, diakoniplanen (som ein arbeider med) og kyrkemusikalsk plan (som ein snart bør koma i gang med), må det reisast meir midlar. Sjølv om soknerådet no berre er sokneråd, bør me etablera eit økonomi-utval som særleg jobbar med dette. For me kan ikkje rekna med å få meir frå Fellesrådet sitt budsjett. Dermed blir Sund sokn så bra, økonomisk sett, som me sjølv gjer det til.

8. Sluttord/konklusjon

Sund kyrkjelyd er langt på veg blitt ein typisk folkekirkje-kyrkjelyd, med stor oppslutnad om kyrkjelege handlingar, men med færre og færre som deltek jamnleg i gudstenestefeiringa. Kyrkjene er t.d. fulle på julaftan, men 1. og 2. juledag er det glissent i benkeradene. Folk flest syns at kyrkja er viktig, men ein overdriv ikkje sin kyrkjegang, og sundsokningen ser ut til å måtte ha ein god grunn for å gå til kyrkje. Og for mange som jamnleg går til gudsteneste skortar

det på frimodet når det gjeld å gå til nattverd. Heldigvis har me opplevd at born og unge har vist veg til nattverdbordet! Og difor har me tru for at trusopplæringsarbeidet vil bera frukter både mht gudstenestefeiring og det å finna sin plass i kyrkjelyden... Men skal dette arbeidet lukkast er me avhengig av at fleire frivillege vil nyitta sine nådegåver og bidra blant barn, unge, vaksne og eldre i Sund sokn – til ære for Faderen, Sonen og Den heilage ande! Amen!